

Byggdriftar/driftsoper

[Søk på stillinga](#)

Teknisk drift, Austrheim kommune

Ønskjer du ei sjølvstendig stilling med høg trivsel og personleg utvikling? Då kan du skapa di karriere innan eigedom i Austrheim kommune. Ein av våre medarbeidarar vert pensjonist, og vi søkjer difor byggdrifter/driftsoperatør i 100% fast stilling. Vi ønskjer å høyra frå deg anten du har nokre års erfaring, eller er ung og i ferd med å slutføra relevant utdanning. Austrheim kommune eig og driv barnehagar, skular, idretts- og grøntanlegg, sjukeheim, kommunale vegar og anlegg for vatn og avløp.

📅 Søknadsfrist:	28.09.2023	👥 Stillingar:	1
🏢 Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	🕒 Heiltid / Deltid:	Heiltid
👤 Stillingstittel:	Byggdriftar/driftsoperatør	📄 Tilsetjingsfor...:	Fast
📌 Webcruiter-ID:	4708395400	📊 Stillingsprose...:	100
🔗 Sosial deling :			

Arbeidsoppgåver

Utføra drifts- og vedlikehaldsoppgåver på kommunen sine eigedomar.

Bruk av digitalt FDV-system.

Bidra inn mot enkeltprosjekt innan eigedom.

Bidra til å følgja opp verksemder som har oppdrag for kommunen.

Deltaking i vaktordning kan vera aktuelt for den rette kandidaten

Kvalifikasjonar

Vi håpar du har fagbrev som byggdriftar eller anna relevant fagbrev, men det er ikkje eit krav. Har du erfaring med SD-anlegg vil vi veldig gjerne høyra frå deg. Kvi deg heller ikkje for å søkja dersom du er i ferd med å avslutta relevant utdanning. Kanskje er du berre ein skikkeleg handyman – eller dame – og trivst med varierte, praktiske oppgåver. Vi er fleksible på oppstartstidspunkt, ønsket er januar 2023.

Eit par krav må du oppfylla;

Førarkort klasse B.

Grunnleggande IKT-kompetanse og interesse for bruk av digitale verktøy.

Personlege eigenskapar og korleis kandidaten vil utfylla dei øvrige medarbeidarane i eininga, vil bli vektlagt.

Personlege eigenskapar

Vi ser etter deg som både kan arbeida sjølvstendig og samarbeida godt med andre.

Du er serviceinnstilt ovanfor kollegaer, samarbeidspartnarar og innbyggjarar.

Du er engasjert, ansvarsbevisst og ærleg.

Du gir av deg sjølv og bidrar til å skapa eit godt arbeidsmiljø.

Vi tilbyr

Høve til personleg og fagleg utvikling i eit godt, sosialt miljø.

Introduksjonsprogram med fadderordning.


Varierte og spennande arbeidsoppgåver.

Lønn og vilkår i tråd med lovar, reglar og avtalar.

Ein av landets beste pensjonsordningar, og medlemskap i gruppelivsforsikring.

Sjå elles «Austrheim-modellen» på vår heimeside www.austrheim.kommune.no for stipendordningar i samband med rekruttering.

Sætre marka 2, 5943 Austrheim, Norge



📍 [Opne vegbeskriving](#)

📍 [Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Arild Tresvik
Fagleiar eigedomsdrift



atle vaage

Einingsleiar

☎ 94530126

✉ atle.vaage@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!

